



Kvartetten som fekk gullklokke: Frå venstre Brit Jorunn Arnesen, Lars Magne Sjo, Trygve Nes og Aud Isaksen Haugland. (Foto: Aasmund Taarn Sande, Kvinnheringen).

Tysdag kveld var det kommunal festmiddag i Rosendal Fjordhotell og der fekk to uskedelingar, Brit Jorunn Arnesen (64) og Aud Isaksen Haugland (59) gullklokke for 40 års teneste.

To andre fekk det same – dei var Lars Magne Sjo frå Øyatun Ungdomsskule og Trygve Nes. frå Samfunnsutvikling.

Toastmaster Kristian Bringedal karakteriserte dei to gullklokkemottakarane slik:

Om Aud (40 år ved økonomikontoret): - Ho er ei dame som alle bør ha eit (godt) forhold til.

Om Brit (40 år som lærar/rektør i Uskedalen): - Ho hadde eg faktisk som lærar. Det skulle ein ikkje tru når de ser oss!

I tillegg møtte 48 som i 2006 og 2007 har jobba i kommunen i 25 år. Blant desse var det fleire uskedelingar: Kari Gjesdal Svinth, Rannveig F. Helleland og Bjørg Møyfrid Fredheim frå Uskedalen Oppvekstsenter og Thor Inge Døssland, Solveig Kjærland, Solbjørg Musland og Laila Gravdal frå andre kommunale verksemdar.

Her fekk kvinnene eit smykke i kvitt gull medan mennene fekk eit belte med spenne i kvitt gull. Kommunevåpenet var del av smykkka.

Rådmann Trond Sætereng uttala under festen at det gjev tryggleik for arbeidsgjevaren at det er stabilitet. Og innbyggjarane set pris på å kunne ha kjende fjes å forhalda seg til.